



PROTOKOLL

ULLENSVANG  
KYRKJELEG FELLESRÅD

<b>Frå kl.</b> 12.00 <b>Til kl.</b> 17.00	<b>Møtedato</b> 15.12.2021
<b>Frå sak nr.</b> 31 <b>Til sak nr.</b> 37	<b>Møtestad:</b> Teams – digitalt møte
<b>Forfall</b> Margrethe Ølberg Kjellaug Hoås Samland Kristin H. Moe	<b>Innkalla varamedlem:</b>  Kristin H. Moe
<b>Merknader:</b> Torbjørn Dagestad kom til møtet kl. 13.00. Fungerande verja Gerd Bu forlet møtet kl. 16.00 og kyrkjeleg fellesråd heldt fram møtet til kl. 17.00. Bjørketrea på Berjafлот er vurdert og om lag halvparten kan fellast. Helg i Hardanger vert utsett til neste møte.	
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og nestleiar.	
<b>Leiar</b>  Lars O. Seim	<b>Nestleiar</b>  Kari Bjørkavoll Eitrheim
Cecilie Styrmoie Stærnes	Torbjørn Dagestad
Torbjørn Bjotveit	Steinar Tokheim
Torill Kristensen	Airin Nesse Bosdal

Hovudutskrift sendt til:

Medlemar, varamedlemar, prosten, rådmannen, revisjonen.

Soknerådsmedlemene som er med i fellesrådet nyttar sitt referat som melding til soknerådet.

# MØTEINNKALLING

## ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJELEG FELLESRÅD HAR TEAMSMØTE 15.12.2021 KL. 12.00 – KL. 17.00

### **Kalla inn:**

Møtedato er avtala med leiar og enkel innkalling med saker sendt på e-post 14.12.

Lars O. Seim (leiar), Cecilie Styrmoie Stærnes, Airin Nesse Bosdal, Audhild Engesæter, Steinar Tokheim, Kari Bjørkavoll Eitrheim, Torbjørn Dagestad, Torbjørn Bjotveit, Margrethe Ølberg Røed (geistleg representant), Kjellaug Hoås Samland (kommunal representant).

Varamedlemar møter etter nærare varsel. Mogelege forfall må meldast snarast til Lars tlf 909 62 584 eller Gerd tlf 971 69 904.

Me ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melda frå om dette snarast.

### FORFALL

### INNKALLA VARAMEDLEM

### **GODKJENNINGAR**

Innkalling og saksliste. Enkel saksliste og saksutgreiing vart utsendt 14.12. Godkjent Referat frå møte 23.11.2021 er sendt ut og det er ikkje motteke merknader. Godkjent.

Det vert ikkje eige møte i administrasjonsutvalet etter avtale med representantane for dei tilsette.

### Saksliste:

SAK 31-21 MOBILTELEFON UTGIFTSDEKNING

SAK 32-21 KJØP AV GRAVSTELLTENESTA

SAK 33-21 BUDSJETTENDRINGAR

SAK 34-21 SØKNAD OM UTSKIFTING AV VARMEKJELDER I ULLENSVANG KYRKJE

SAK 35-21 SØKNAD OM UTSKIFTING AV VARMEKJELDER I KINSARVIK KYRKJE

SAK 36-21 BETALINGSSATSAR FOR 2022

SAK 37-21 MELDINGAR

### Drøftingar :

Helg i Hardanger litt orientering om bladet og drifta.

Store bjørketre på Berjaflot.

Etter møte og drøftingar vil fellesrådet ha lukka møte UO § 13 om sjukefråvær og personalsituasjonen

Lars O. Seim  
Leiar

Gerd R. Bu  
fungerande kyrkjevevja

# MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD			
Sak nr	31-2021	Sakshandsamar	Grb
Arkiv nr	245	Dato	15.12.2021

Saka har vore handsama i: KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL			
Sak nr	10-2021	Møtedato	15.12.2021

## SAK 31 UTGIFTSDEKNING FOR BRUK AV PRIVAT MOBILTELEFON I ARBEID

### DOKUMENTLISTE:

1. Reglement for bruk av telefon.

### VEDLEGG:

Dokument 1.

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Kyrkjeleg fellesnemnd vedtok i sak 30/19 innkjøp av nytt telefonsystem. Nedanfor er eit utdrag av saka og deler av vedtaket som omhandlar godtgjersla for bruk av mobiltelefon i arbeidet.

*«Dei tilsette lyt behalda eigne mobilabonnement, og nemnda får fastsetja godtgjersle for bruk av eigen mobiltelefon lik for alle over ei viss stillingsstorleik, ved nye avtaler.*

*Mobilabonnement er så rimelege i dag at kr. 100 pr. måned i telefongodtgjersle lyt vera bra (prosjektlear har i dag sjølv denne taksten) for nye tilsette. Dei «gamle» tilsette skal behalda dei tillegga dei har opparbeidd seg i eksisterande arbeidstilhøve.»*

*3. Telefongodtgjersla vert sett til 100 kroner pr. måned til samlege nyttilsette som må nytta eigen mobiltelefon i tenesta og som har over 15 % stilling.*

*4. Tilsette med over 15 % stilling som treng ny mobiltelefon kan etter søknad få støtte til å dekkja 65 % av kjøpsprisen for ny telefon. Den tilsette må gjere reie for kvifor det er naudsynt med ny telefon.»*

Intensjonen var at dette skulle opp att som sak der ein skulle vurdera telefongodtgjersla på nytt. Slik det er i dag slår det svært urettvist ut. Dei tilsette har frå kr 0 i godtgjersle til kr 182.50 pr mnd i godtgjersla.

Tidlegare hadde tilsette som nytta telefon mykje i arbeidet godtgjersla både for fasttelefon og mobiltelefon. I dag er fasttelefon sjeldan i bruk og i «gamle Ullensvang» vart desse sagt opp.

Det er fasttelefon på alle kontorlokalitetar. Samstundes er arbeidet i kyrkja slik at alle er ute av kontoret og har arbeid både i tenester og på heimekontor. Det er svært viktig for administrasjonen å kunna nå dei tilsette når dei er behov for å gjera avtalar om tenester, eller det andre spørsmål som må ha ei rask avklaring.

Fellesrådet bør handsama dei tilsette likt og fungerande kyrkjevevja har teke denne saka opp med tillitsvalde i møte den 14.10. og referat frå møtet vert lagt fram for administrasjonsutvalet 15.10.

Fungerande kyrkjevevja vil rå til at telefonreglement vert vedteke med dei satsane som er føreslege. Om dette skal skattast for må finnast ut i etterkant av di dette er eit tenesteleg behov fordi arbeidsgjevar er avhengig av å få kontakt med arbeidstakar. Arbeidsgjevar held ikkje telefon eller abonnement og difor må arbeidstakar få ei dekkja utgifter til bruk av telefon i arbeidet.

# MØTEBOK

## ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	32-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	516	Møtedato	15.12.2021

### SAK 32 KJØP AV GRAVSTELLTENESTER

#### DOKUMENTLISTE:

1. Avtale mellom Flotve Plantesal og Odda kyrkjelege fellesråd dgs 29.04.16
2. Avtale mellom Flotve Plantesal og Ullensvang kyrkjelege fellesråd dgs. 19.11.2020
3. Avtale om gravstell mellom festar og Ullensvang kyrkjelege fellesråd.
4. Notat gravstell 2021.
5. Oversikt prisar på gravstell hjå andre fellesråd i prostiet m. fl.

#### VEDLEGG:

Ingen.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Det vart fornya avtala om gravstell for Berjaflot i 2020. Prisen har ikkje vore endra sidan 2016 og prisauken var på 45%, og dette er ikkje teke inn i auka pris på gravstell frå fellesrådet til private for året 2021. Flotve tilbyr ei gradvis auke dei næraste åra inntil avtala pris er oppnådd.

Pris til den som kjøper gravstell var i 2020 kr 1.400 for sommarstell inkl lyng og kr 300 for mosakrans. Om ein ønskjer oppretta gravstell må det setjast ned plantekasse på grava og dette er ein eingongskostnad på kr 1.300.

Med ein prisauke på 45% må fellesrådet auka prisen på gravstell til kr 2.000 og krans kr 350, om ein ikkje skal gå i tap med å tilby denne tenesta.

Det bør gjerast ei vurdering av kva plantekostnadane vil vera om folk ordnar stell sjølve. Fellesrådet sel plantekassar. Vert det for stor avstand mellom kva ein kjøpa blomar for og kva ein må betala, vil ein gjerne sjå etter alternative løysingar. Stellavtalane er med å gje kyrkjegarden eit fint uttrykk.

Det er mange år sidan gravstellavtalene var ute på anbod. Det er lettare å stella gravene i dag sidan det er sett ned plantekassar. Tilbakemelding frå andre er at stellavtalene er fint halde. På dei andre kyrkjegardane er det få stellavtalar og kyrkjegardsarbeidar har ansvaret for desse.

#### Kyrkjeleg fellesråd, den 15.12.2021

Kyrkjeleg fellesråd gjekk i møte gjennom satsar for betaling av gravstell for andre fellesråd i prostiet. Det er ikkje ønskje om å liggja langt over desse i pris.

#### VEDTAK:

Kyrkjeleg fellesråd seier opp avtalen med Flotve AS om gravstell innan 31.12.2021, og med eit års oppseiing vil Flotve plantesal ha tenesta i 2022. Kyrkjeleg fellesråd ønskjer teneste ut på anbod i 2022.

Pris for gravstell til Flotve Plantesal vert i 2022 kr 1.650 for gravstell og kr 300 for mosakrans. Dette vert også pris ut til den som kjøper gravstelltenester frå fellesrådet.

Utskrift til:

Det viser seg å vera svært ulike satsar og reglar både innan i prostiet og elles i fellesråda.

Fellesrådet bør betala for bruk av mobil i arbeidet i høve til stillingsstorleik. Dei tilsette kan ha svært ulike avtalar om mobilabonnement. Om fellesrådet betalar for bruk kr 1.500 i året i full stilling vil dette truleg halda i høve til telefonar og sms. Om dette er for lite kan dei tilsette levera rekning og få dekkja alle utgifter dei har i høve til arbeid. Viser det seg at dette er for lav sats bør saka opp att når dette er prøvd ut.

I tillegg må ein pårekna at nokon må skifta ut telefonen og det vert sett til kr 2000 I tilskot for kjøp av telefon og den bør halda i minst 3 år. Dette tilskotet er ikkje knytt til stillingsstorleik. Kostnader med ny telefon vil kunna variera frå 2-3.000 til over kr 10.000, og det må vera fritt for den enkelte tilsette kva telefon dei vil kjøpa og kva abonnement dei teiknar privat.

#### **ØKONOMISKE KONSEKVENSER.**

Dette vil medføra auka utgifter for kyrkjeleg fellesråd. I dag er utgiftene kr 11.776 og med lik sats for alle tilsette knytt mot stillingsstorleik vert utgiftene pr år kr. 19.020.

#### **KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING:**

Fellesrådet sine tilsette har mobiltelefonar og abonnement privat. Telefonen vert nytta i arbeid og dei tilsette skal ha dekkja sine utgifter i høve til bruk av privat telefon i arbeidet.

Dette vert sett til kr 1.500 i 100% stilling og rekna ut i høve til kor stilling den einskilde har.

Kjøp av ny telefon vert gjeve eit tilskot på kr 2.000 inntil kvart 3. år og det skal leggjast fram rekning for fellesrådet som bilag for utbetaling av tilskot til kjøp av ny mobil.

Reglementet gjeld frå 01.01.2021.

#### **Kyrkjeleg administrasjonsutval, SAK 10-2021**

#### **TILRÅDING:**

Det var ikkje eige møte i administrasjonsutvalet. Representantane for dei tilsette har fått saka tilsendt med framlegg til reglement. Dei støttar framlegget og har ingen merknader til saka.

#### **Kyrkjeleg fellesråd, den 15.12.201**

Saka vart drøfta og kyrkjeverja vil kontakta revisjonen, slik at reglement og utbetaling vert utbetalt i samsvar med gjeldande reglar.

#### **VEDTAK:**

Fellesrådet sine tilsette har mobiltelefonar og abonnement privat. Telefonen vert nytta i arbeid og dei tilsette skal ha dekkja sine utgifter i høve til bruk av privat telefon i arbeidet.

Dette vert sett til kr 1.500 i 100% stilling og rekna ut i høve til kor stilling den einskilde har.

Kjøp av ny telefon vert gjeve eit tilskot på kr 2.000. Det kan ikkje gjevast oftare enn 3. kvart år, og det skal leggjast fram rekning for fellesrådet som bilag for utbetaling av tilskot til kjøp av ny mobil.

Reglementet gjeld frå 01.01.2021.

Utskrift til:	
Rett utskrift:	

# MØTEBOK

## ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	33-2021	Sakshandsamar	Grb/gn
Arkiv nr.	112	Møtedato	15.12. 2021

### SAK 33 BUDSJETTENDRINGAR OG AVSETJING TIL FOND

#### DOKUMENT:

1. Driftsbudsjett for 2021
2. Rekneskapsrapport drift dgs 15.12.21
3. Budsjettendringar driftsrekneskapen
4. Budsjettendringar investeringsrekneskapen

#### DOKUMENT VEDLAGT SAKA:

Dokument 2, 3 og 4.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

**Budsjettendringar drift:** Dette er korrigeringar slik at art for budsjett og rekneskap er i samsvar med kvar budsjettposten skal vera og art rekneskapen skal førast på.

**Budsjettendringar investeringar:** Korrigeringar må gjerast slik at underskot på investeringar i 2020 vert dekkja inn.

**Avsetjing til fond:** I 2021 vart ramma frå kommunen skore med kr 945.000. Dette gjorde at ein ikkje kunne lysa ut ledige stillingar slik det var planlagt, og budsjettet vart revidert med store nedskjeringar. Det har vore Koronarestriksjonar og mange tiltak har vorte avlyst. Det har vore sjukemeldingar der ikkje har vore mogeleg/tenleg å leiga inn vikartenester. Det er mykje arbeid å ta att og innsparte lønsmidlar og sjukepengar bør setjast av på fond slik at ein kan nytta desse til neste år.

1. Overskot trusopplæring. Dette er tilskot frå bispedømerådet og det som ikkje er nytta må betalast attende. Fellestrådet får behalda noko som summen, men denne er ikkje kjent.
2. Kyrkjeverja bør få høve til å setja av til fond innsparte lønsmidlar i rekneskapen for 2021.
3. Budsjetttert bruk av fond skal ikkje nyttast.

#### KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Budsjettendringane for drift vert vedteke slik dei ligg føre.
2. Budsjettendringar investering vert vedteke slik dei ligg føre.
3. Kyrkjeverja får høve til å setja av til fond :
  - a. Overskot trusopplæring.
  - b. Kyrkjeverja set av til fond innsparte lønsmidlar og sjukepengar i rekneskapen for 2021.

#### Kyrkjeleg fellestråd 15.12.2021

#### VEDTAK:

Samrøystes som framlegg til vedtak.

Utskrift til:

## MØTEBOK

### ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	34-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	411	Møtedato	15.12. 2021

#### SAK 34 SØKNAD OM UTSKIFTING AV VARMEKJELDER I ULLENSVANG KYRKJE

##### DOKUMENTLISTE:

1. Riksantikvaren tilskot til utskifting av el-anlegg i Ullensvang kyrkje.
2. Riksantikvaren – veileder Utskifting av elektrisk anlegg og rørovner i fredete og listeførte kirker.
3. KA – veileder ved utskifting av eldre elektriske sikringsskap og rørovner i kirkebygg.
4. Kulturminnelova.

##### VEDLEGG:

Dokument ingen.

##### SAKSOPPLYSNINGAR:

Kyrkjeleg fellesråd har fått tilskot frå statsbudsjettet til å skifta dei gamle røyromnane i Ullensvang kyrkje. Ullensvang kyrkje er ei freda kyrkja og fellesrådet må søkja om dispensasjon frå kulturminnelova.

Det var sett av midlar til å kjøpa og montera gitter over omnane. Tiltaket vert finansiert ved at midlar til innkjøp av gitter og tilskot frå RA. Om dette er for lite kan ein nytta av disposisjonsfond. Kva dette vil kosta er ikkje mogeleg å sei før ein har fått inn tilbod.

Ullensvang kyrkje fekk ny el-tavle på 90-talet og det vart trekt nye kablar i heile kyrkja. Røyromnane er frå kyrkja var opprusta og det vart lagt inn straum om lag 1960. Det er ved fleire høve meldt inn at folk har brent skoa sine og ved eit tilfelle fekk eit barn brennemerke på handa si.

Ullensvang kyrkje er steinkyrkje frå mellomalderen og det må takast omsyn til dette ved alt arbeid i kyrkja. Det er i dag benker under om lag annakvar benk og desse vart skrudd fast før ein monterte benkene. Røyromnane vil verta fjerna ved at ein sagar desse i tre og skrur dei laus frå feste. Dette vil kyrkjetenarane gjera. Nye omnar skal nytta kabelframføringane som er i kyrkja i dag. Om det må monterast noko nytt skal dette i gjerast i stor skjønnskjemd og med omtanke for estetikk, fargar og slik kyrkje er i dag.

Det er montert varmestyringsanlegg i kyrkja i dag, men dette er ikkje kobla mot nett. Ved installering av nye omnar vil varmestyringsanlegget verta oppgradert slik at me kan styra dette via nett.

Dette skal gjerast i tråd med vegleiar frå Riksantikvaren:

- Fjerning av røyromnar – vert gjort av eigne tilsette.
- El-installatør må sjekka at installerte el-tavler i begge kyrkjene held mål og at både inntakskabel og kablar ut i romma har den nødvendige kapasitet. Kinsarvik kyrkje har relativt ny el-tavle.
- Montering av omnar under benker av merke Wimpel, Safeheat eller Ensama. Desse er førehandsgodkjent av Riksantikvaren.

- Det er viktig med rask oppvarming av kyrkjerommet og at varmekjeldene vert mest mogeleg spreidd i rommet. Det bør vurderast å installera 400 watt pr løpemeater under alle benker. Det kan setjast opp fleire alternativ.
- Om det er mogeleg bør varmestyringa kunna delast inn i soner, slik at dersom det er aktivitet framme i skipet eller i koret treng berre denne delen varmest opp. Dette gjeld også under galleri.
- Termostatstyring bør vera trådlaus og kunna koplast opp mot mobiltelefon og trådlaus styring over nett. Dette må det finnast gode løysingar på, der eventuelle driftskostnader er synleggjort. Det er montert manuell varmestyring i begge kyrkjene.
- Det må og monterast enkel styring med brytar slik at varmen enkelt kan setjast på eller slåast av.
- Så langt det er mogeleg skal eksisterande kabelbanar og koblingsboksar nyttast.

Kinsarvik kyrkje:

- I tillegg til ovanståande er det i våpenhuset to gamle omnar og desse må bytast ut.
- Oppe ved korinngangen må det installerast to nye jorda stikkontaktar.

Ullensvang kyrkje.

- Ikkje behov for ekstra installasjonar, så langt det er kjent i dag.

Det vert sendt ut brev til 5 lokale firma der dei kan gje tilbod på utskifting av varmeomnar. Saman med innbjodinga vert det sendt ut:

1. RA sin vegleiar om utskifting av elektriske anlegg og røyromnar i fredag og listeførte kyrkjer.
2. KA – Veileder ved utskifting eldre elektriske sikringsskap og røyrovner i kirkebygg.

Alt arbeid skal gjerast i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

Bilete som syner interiøret i kyrkja og benkene med varmeomnar spesielt vert lagt ved søknaden.

#### **KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kyrkjeleg fellesråd søker biskopen om løyve til å byta ut røyromnar med benkevarmarar i Ullensvang kyrkje. Arbeidet skal utførast i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

#### **Kyrkjeleg fellesråd, den 15.12.2021**

#### **VEDTAK:**

Samrøystes som framlegg til vedtak.

Utskrift til:	
---------------	--



# MØTEBOK

## ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	35-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	411	Møtedato	15.12. 2021

### SAK 35 SØKNAD OM UTSKIFTING AV VARMEKJELDER I KINSARVIK KYRKJE

#### DOKUMENTLISTE:

1. Riksantikvaren tilskot til utskifting av el-anlegg i Kinsarvik kyrkje.
2. Riksantikvaren – veileder Utskifting av elektrisk anlegg og rørovner i fredete og listeførte kirker.
3. KA – veileder ved utskifting av eldre elektriske sikringsskap og rørovner i kirkebygg.
4. Kulturminnelova.

#### VEDLEGG:

Dokument ingen.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Kyrkjeleg fellesråd har fått tilskot frå statsbudsjettet til å skifta dei gamle røyromnane i Kinsarvik kyrkje. Kinsarvik kyrkje er ei freda kyrkja og fellesrådet må søkja om dispensasjon frå kulturminnelova.

Det var sett av midlar til å kjøpa og montera gitter over omnane. Tiltaket vert finansiert ved at midlar til innkjøp av gitter og tilskot frå RA. Om dette er for lite kan ein nytta av disposisjonsfond. Kva dette vil kosta er ikkje mogeleg å sei før ein har fått inn tilbod.

Kinsarvik fekk ny el-tavle i 2002 innstallert i trappeoppgang til loftet. El-tavla vart oppgradert med ny tavle bak i skipet i 2009. Røyromnane er frå kyrkja vart restaurert i 1960. Det er ved fleire høve meldt inn uhell ved at folk har brent seg på omnane.

Kinsarvik kyrkje er steinkyrkje frå mellomalderen og det må takast omsyn til dette ved alt arbeid i kyrkja. Det er i dag benker under om lag annakvar benk og desse vart skrudd fast før ein monterte benkene. Røyromnane vil verta fjerna ved at ein sagar desse i tre og skrur dei laus frå feste. Dette vil kyrkjetenarane gjera. Nye omnar skal nytta kabelframføringane som er i kyrkja i dag. Om det må monterast noko nytt skal dette i gjerast i stor skjønksjemd og med omtanke for estetikk, fargar og slik kyrkje er i dag.

Det er montert varmestyringsanlegg i kyrkja i dag, men dette er ikkje kobla mot nett. Ved installering av nye omnar vil varmestyringsanlegget verta oppgradert slik at me kan styra dette via nett.

Dette skal gjerast i tråd med vegleiar frå Riksantikvaren:

- Fjerning av røyromnar – vert gjort av egne tilsette.
- El-installatør må sjekka at installerte el-tavler i begge kyrkjene held mål og at både inntakskabel og kablar ut i romma har den nødvendige kapasitet. Kinsarvik kyrkje har relativt ny el-tavle.
- Montering av omnar under benker av merke Wimpel, Safeheat eller Ensama. Desse er førehandsgodkjent av Riksantikvaren.

- Det er viktig med rask oppvarming av kyrkjerommet og at varmekjeldene vert mest mogeleg spreidd i rommet. Det bør vurderast å installera 400 watt pr løpemetar under alle benker. Det kan setjast opp fleire alternativ.
- Om det er mogeleg bør varmestyringa kunna delast inn i soner, slik at dersom det er aktivitet framme i skipet eller i koret treng berre denne delen varmest opp. Dette gjeld også under galleri.
- Termostatstyring bør vera trådløs og kunna koplatt opp mot mobiltelefon og trådløs styring over nett. Dette må det finnast gode løysingar på, der eventuelle driftskostnader er synleggjort. Det er montert manuell varmestyring i begge kyrkjene.
- Det må og monterast enkel styring med brytar slik at varmen enkelt kan setjast på eller slåast av.
- Så langt det er mogeleg skal eksisterande kabelbanar og koblingsboksar nyttast.

Kinsarvik kyrkje:

- I tillegg til ovanståande er det i våpenhuset to gamle omnar og desse må bytast ut.
- Oppe ved korinngangen må det installerast to nye jorda stikkontaktar.

Det vert sendt ut brev til 5 lokale firma der dei kan gje tilbod på utskifting av varmeomnar. Saman med innbjudinga vert det sendt ut:

1. RA sin vegleiar om utskifting av elektriske anlegg og røyromnar i fredag og listeførte kyrkjer.
2. KA – Veileder ved utskifting eldre elektriske sikringsskap og røyrovner i kirkebygg.

Alt arbeid skal gjerast i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

Bilete som syner interiøret i kyrkja og benkene med varmeomnar spesielt vert lagt ved søknaden.

#### **KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kyrkjeleg fellesråd søker biskopen om løyve til å byta ut røyromnar med benkevarmarar i Kinsarvik kyrkje. Arbeidet skal utførast i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

**Kyrkjeleg fellesråd, den 15.12.2021**

#### **VEDTAK:**

Samrøystes som framlegg til vedtak.

Utskrift til:	
---------------	--

# MØTEBOK

## ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	36-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	154	Møtedato	15.12.2021

### SAK 36 BETALINGSSATSAR FOR 2022

#### DOKUMENTLISTE:

1. Oversikt satsar 2021 med framlegg til nye prisar for 2022.
2. Prisar for gravstell i fellelråda i prostiet med fleire.

#### VEDLEGG:

Dokument 1.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Fellesrådet bør vurderer betalingsatsar kvart år. Vedlagt ligg oversikt over kva tenestene kostar i dag og kva det er framlegg om å auka.

Det er mange kostnader som har auka siste åra og det har konsekvensar for kva fellelrådet vil ha som overskot på tenester/utleige.

Auken bør drøftast i møte, og fellelrådet må vurderer om dei ønskjer innhenting av samanliknande prisar frå andre fellelråd. Dette er gjort for gravstell, og vert lagt fram i møtet.

#### Kyrkjeleg fellelråd, den 15.12.2021

#### VEDTAK:

Desse prisane vert auka:

Besøk frå Cruiseskip	kr 50 pr person
Omvisning i kyrkja utanom arbeidstid	kr 800
Faldar til Kinsarvik og Ullensvang kyrkjer	kr 50
Leige av kyrkja til konsertar minimum - kr 1.500	15% av bruttoinntekter
Helg i Hardanger utanbygds abonnement	kr 350
Gravstell – sommarstell	kr 1.650

Utskrift til:

## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD</b>			
Sak nr.	37-2021	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.		Møtedato	15.12.2021

### SAK 37 MELDINGAR

1. Svar frå fylkesmannen i Vestland dgs 18.12.20 om dispensasjon frå forureiningslova.
2. Brev til fylkesmannen i Vestland dgs. 07.12.21 om dispensasjon for inntil 270 kremasjonar i året.
3. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn i Odda kyrkje 10.11.21
4. Brann og redning - Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn i tyssedal kyrkje 10.11.21.
5. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn ved Berjaflot kapell 16.11.21
6. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn ved Kinsarvik kyrkje 12.11.21
7. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn ved Jondal kyrkje 07.12.21
8. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn ved Utne kyrkje 24.11.21
9. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn ved Ullensvang kyrkje 24.11.21
10. Brann og redning – Ullensvang kommune rapport frå branntilsyn ved Skare kyrkje 15.11.21

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering og etterretning slik dei ligg føre.

#### VEDTAK:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Utskrift til:	
---------------	--